

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Stordal

Emne: Helsing, Fakter og Åtferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter O Stavdal

Gard: Stavdal

(adresse): Stordal

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Det er ålment skyna at når ein nikkar med hovudet so tyder det "ja" eller at ein er "enig". Rister ein på hovudet tyder det "nei" eller ikkje enig.

I skog og mark eller på einsam veg helsar alltid folk på kvarandre. Den som kjem (inn i eit hus eller inn på eit tun) helsar først. Om dagen var det "godag eller "Godag og signe arbeie". Var det skjymt eller myrkt var helsiga "gokveld". Var helsinga "godag eller godkveld" var svaret "godag el, godkveld". Var helsiga "Signe arbeidet" var svaret "takk."

For preste og embedsfolk måtte ein helsa først og so reisa seg eller letta på hua.

Det var ikkje vanleg at bygdefolk tok av seg hatt eller huva for kvar ande.

Gamle folk heldt huva med begge henderne når det var jordpåkastels. Møter ein likferd vert det alltid helsa med hatt eller hua.

Folk som ikkje hadde sett kvarandre på lenger handhelsa.

Handhelsing vart ogso brukt i gravøl. OG i bryllaupg. I den første tid eg minnest var det enkelte som helsa med haten når dei høyrde kyrkjeklokka.

Noko visst klokkeslett millpm "gomorgon og godag eller "godag og gokveld var det ikkje. Men var det ljose dagen om vintern var det alltid godag". Var det skjyming var det enten "gomørn eller "gokveld". Helsing som ikkje høvde til tida på døgeret (eit) vart rekna som forsnakking. "Gomørn" midt på dagen vert ikkje brukt,

Det vart sagt "godag (gokveld) og signe arbeie!"

----- "signe strevet"

----- "Signe laget"

----- "signe kvila"

----- "signe maten"

Det vart då svara: "Ja du ska takk ( du skal ha takk) Avskilshelsing om dagen var "farvel" ( og takk for meg) Svaret var: "farvel" ( du he kje mykje og takke for). I staden for "signe maten" var det ofte sagt: "velli-bekomme". Svaret var då: "takk".

Avskilshelsing seine kvelden var: "gonatt". Og svaret var ogso: "gonatt".

Mur-Knut ( Knut Vidhammar) var skomakar og han svara jamt når eg helsa "signe arbeie". "Ja, eg veit ikkje om det er segnande hell, dette her". " So lyt os



2  
gå hoselestå då (ein hoselest) meinte eg.

Det er ålmen skjikk og banka på døra før ein gjeng inn. Svaret til banking er "kom" Innanfor døra vert den framande ståande til det vert sagt: "Du må sjå og ji deg frå dørne", eller "du må sjå du fær sitja".  
Innbødne gjester vart gjerne mottekne ute på tunet.

Den almindelige avskilshelsing var: "farvel".

Gamle folk svara då gjerne: "Å farvvel"

Kyssing hev ikkje vore nokonofisiell måte og helsa på heri bygda, som eg veit om.

"Å byte nase" er kjent, men ikkje som helsing, Det er ein leik, eller hest erting. millom ein liten unge og ein eldre, der den minste byter frå seg "fine-nasen" sinn i ein "søgenase". Det er gjerne vanskleg for den minste og få att "fine-nasen" sin, og so vert det skrik og jammer.

"Til lukke" Vert brukt som helsing på Åremålsdagen.

Til jol og nyttår var det: "Go jul" "Godt Nyår". Til trulåving og brullaup. var det: "Gratulerer". Ved dødsfal vert det sagt: "Eg kondulerer".

"Og takka ut hev ikkje vore brukt som eg veit om.

Folk seier "du" til alle her i bygda.